



TILSYNSRAPPORT-VEDTAK

Innhald

TILSYNSRAPPORT-VEDTAK	1
Tema tilsyn i Knarvik Barnehage:.....	1
Innleiing	4
Kort om barnehagen	4
Om gjennomføringa av tilsynet.....	4
Rettslege krav	5
§ 41.Nulltoleranse og forebyggende arbeid	5
§ 42.Plikt til å sikre at barnehagebarna har et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt).....	5
§ 9.Internkontroll i barnehagen.....	5
Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar	6
§ 41 Nulltoleranse og forebyggende arbeid	6
§ 42 Plikt til å sikre at barnehagebarna har et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt).....	8
§ 9 Internkontroll i barnehagen.....	12
Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar	12
3 Vedtak	16

Tema tilsyn i Knarvik Barnehage:

Barnehagen si aktivitetsplikt for å sikre at barna har eit trygt og godt barnehagemiljø
Barnehageloven Kapittel VIII Psykososialt barnehagemiljø trygt og godt
barnehagemiljø, og §9 internkontroll i barnehagen



ALVER
KOMMUNE

—

—



Samandrag

Alver kommune fører tilsyn med Knarvik barnehage. Temaet for tilsynet er barnehagen si aktivitetsplikt og barnehageeigar sitt forsvarlege system §9 , §41 og §42 i barnehageloven datert 02.11.2021

Tilsynet går ut på å kontrollere om Knarvik barnehage følgjer regelverket i barnehageloven med forskrifter. For å kontrollere dette undersøker vi praksis i Knarvik barnehage i Alver kommune. Barnehagen er vald ut på bakgrunn av kor sannsynleg det er at krava i regelverket ikkje er oppfylt, og kva for konsekvensar det kan ha for barna. Denne risikovurderinga byggjer på informasjon Alver kommune har frå ulike kjelder.

Basert på vurdering av tilgjengeleg informasjon og endring i lovverket har ein vurdert risiko for brot på LOB som gjeld § 9- internkontroll i barnehagen og kapittel 8 Psykososialt barnehagemiljø. I vurdering av riskiko nytta ein blant anna utfylt eigenvurdering frå styrar i barnehagen.

Tema:

Barnehagen si aktivitetsplikt for å sikre at barna har eit trygt og godt barnehagemiljø.

Innsendt informasjon blei på førehand bearbeida og det blei gjennomført risikovurdering.

I møte 01.11.21 blei det gjennomført ei risikovurdering basert på tilgjengeleg informasjon. Det blei på bakgrunn av risikovurdering samt storleik og eigarform konkludert med at ein opnar skiftleg tilsyn med Knarvik barnehage.

Barnehagen fekk din førebelse tilsynsrapporten for uttale og har uttalt seg innan fristen. På bakgrunn av uttalen frå barnehagen, har vi gjort endringar i rapporten. I tilsynet har vi funnet at de oppfyller regelverket i høve tilsynsområdet vist over, og vi avslutter tilsynet.

Status på rapporten og vegen vidare:

Denne rapporten er ein endeleg rapport med konklusjonar basert på skriftleg dokumentasjon.



Innleiing

Barnehagemynde i Alver kommune fører tilsyn med barnehagane etter barnehagelova kap.10 §53. I tilsynet kontrollerar kommunen om barnehageeigar oppfyller barnehagelova med forskrifter. Dersom barnehageeigar ikkje følgjer regelverket kan kommunen pålegge retting.

Våre tilsyn er offentleg myndigheitsutøving, noko som inneber at vi skal gjennomføre tilsynet i samsvar med reglane i forvaltningsretten og offentleglova. I tilsynet behandlar vi personopplysningar. Les meir om vår behandling av personopplysningar på www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/.

Kort om barnehagen

Knarvik Barnehage ligg i Alver kommune. Barnehagen er ein privat barnehage. Den er eigd og vert driven av Nordhordland Indremisjon og Norsk Luthersk Misjonssamband – Region Vest. Barnehagen har 116 barn og ligg i Alver kommune. Alver kommune har ikkje ført tilsyn med barnehagen tidlegare.

Om gjennomføringa av tilsynet

Alver kommune opna tilsyn med Knarvik barnehage i brev frå 02.11.2021. Barnehagen vart pålagt å levere dokumentasjon til oss. Vi har fått dokumentasjonen for å gjennomføre tilsynet.

Temaet for tilsynet er: Barnehagen si aktivitetsplikt for å sikre at barna har eit trygt og godt barnehagemiljø.

Vi har kontrollert følgjande undertema:

1. Barnehagen sin plikt til å følgje med, gripe inn, varsle, undersøkje og setje inn tiltak ved mistanke eller kjennskap til at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø, jfr. §§ 41 1. ledd og 42 i barnehagelova. Dokumentasjon i form av t.d. retningsliner, rutiner, prosedyrer, malar og liknande.
2. Korleis barnehageeigar gjennom sitt forsvarlege system sikrar at aktivitetsplikta blir overholdt jfr. § 9 i barnehagelova. Dokumentasjon i form av t.d. retningsliner, rutiner, prosedyrer, malar og liknande.

Vi har ikkje sett på korleis barnehagen oppfyller andre krav i regelverket.

Formålet med tilsynet er å sikre Barnehagen si aktivitetsplikt for å sikre at barna har eit trygt og godt barnehagemiljø.

Dersom barnehagen ikkje følgjer regelverket, kan vi påleggje retting.

I denne rapporten presenterer vi våre førebelse vurderingar og konklusjonar.



Rettslege krav

§ 41. Nulltoleranse og forebyggende arbeid

Barnehagen skal ikke godta krenkelser som for eksempel utestenging, mobbing, vold, diskriminering og trakassering. Alle som arbeider i barnehagen, skal gripe inn når et barn i barnehagen utsettes for slike krenkelser.

Barnehagen skal forebygge tilfeller hvor barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø ved å arbeide kontinuerlig for å fremme helsen, trivselen, leken og læringen til barna.

§ 42. Plikt til å sikre at barnehagebarna har et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt)

Alle som arbeider i barnehagen, skal følge med på hvordan barna i barnehagen har det.

Alle som arbeider i barnehagen, skal melde fra til barnehagens styrer dersom de får mistanke om eller kjennskap til at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø. Styreren skal melde fra til barnehageeieren i alvorlige tilfeller.

Ved mistanke om eller kjennskap til at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø, skal barnehagen snarest undersøke saken.

Når et barn eller foreldrene sier at barnet ikke har et trygt og godt barnehagemiljø, skal barnehagen undersøke saken og så langt det finnes egnede tiltak, sørge for at barnet får et trygt og godt barnehagemiljø. Det samme gjelder når en undersøkelse som barnehagen selv har satt i gang, viser at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø. Tiltakene skal velges på grunnlag av en konkret og faglig vurdering.

Barnehagen skal lage en skriftlig plan når det skal gjøres tiltak i en sak. I planen skal det stå

- a) hvilke problemer tiltakene skal løse
- b) hvilke tiltak barnehagen har planlagt
- c) når tiltakene skal gjennomføres
- d) hvem som skal gjennomføre tiltakene
- e) når tiltakene skal evalueres.

§ 9. Internkontroll i barnehagen

Barnehageeier skal ha internkontroll for å sikre at kravene i denne loven med forskrifter følges.

Internkontrollen skal være systematisk og tilpasset barnehagens størrelse, egenart, aktiviteter og risikoforhold.



Ved internkontroll etter denne paragrafen skal barnehageeier

- a) utarbeide en beskrivelse av barnehagens hovedoppgaver, mål og organisering
- b) ha nødvendige rutiner og prosedyrer
- c) avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik
- d) dokumentere internkontrollen i den formen og det omfanget som er nødvendig
- e) evaluere og ved behov forbedre skriftlige prosedyrer og andre tiltak for internkontroll.

Dei sentrale funna i tilsynet.

Alver kommune har funne at Knarvik barnehage oppfyller krava i §§41,42 og §9 internkontroll.

Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

§ 41 Nulltoleranse og forebyggende arbeid

Barnehagen skal ikke godta krenkelsar som for eksempel utestenging, mobbing, vold, diskriminering og trakassering.

Har Knarvik barnehage eit systematisk arbeid mot nulltoleranse og førebyggjande arbeid?

1. Sikrar barnehagen barna mot krenkelsar som vist i punkt 1?
2. Sikrar barnehagen at alle tilsette grip inn når eit barn i barnehagen vert utsett for slike krenkingar?
3. Førebyggj barnehagen tilfeller kor barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø for å fremje helsen, trivnaden, leiken og læringa til borna?

Observasjon

Knarvik barnehage har levert inn dokumentasjon på korleis dei arbeiar med å sikre at borna har eit trygt og godt barnehagemiljø. Det er lagt ved arbeidsplan for personalet i høve psykososialt barnehagemiljø. Barnehagen har hatt opplæring med alle tilsette på 5 kjernekomponentar gjennom si deltaking i IBS inkluderande barnhage og skulemiljø.

Mobbing og Krenkingar, Avdekking, Førebyggjning, Tiltak, Leiing.

Barnehagen er deltekande gjennom «Rekomp» om prosjekt på vaksenrolla.

Barnehagen skriv at temaene vert repetert og jobba med gjennom heile barnehageåret i ulike samanhengar. Det er lagt ved årshjul over 3 år som visar at barnehagen arbeider systematisk med Kjernekomponentane – mobbing og krenking kvart år

Kartlegging av barna gjennom verktøy som «Alle med»

Vurderingsarbeid -IBS Duå



Barnehagen har levert inn dokumentasjon på arbeid med personalgruppa:
HMS Rutinar Barn og miljø, skildra i internkontrollsystemet og vert gjennomgått.
Gjennatakande tema i høve kjernekomponentane kvart år.

Styrar opplyser i eigenvurderinga at barnehagen arbeidar målretta i høve dei 3 områda over. Styrar er i uttalen medveten på det store ansvaret barnehagen har for å arbeide for nulltoleranse og forebyggjande arbeid. Styrar skildrer at barnehagen gjennom sitt arbeid har fokus på å sikre barn mot krenkingar, og at personalet grip inn når eit barn vert utsett for krenkingar i tilfelle der barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø. Ein skildrar og korleis ein arbeider førebyggjande ved kontinuerleg arbeid for å fremje helse, trivnad leik og læring. Styrar skriv at dei har fokus på dokumentasjon. Dei har strategiplan for barn som strever etter gjennomført pedagogisk analyse, og rapportering.

Vurdering

Knarvik barnehage har levert dokumentasjon på korleis dei arbeider med dei 3 områda i §41 Nulltoleranse og forebyggjande arbeid. Arbeidsplan for personalet som gjeld psykososialt barnehagemiljø er lagt ved. Den skriftlege dokumentasjonen viser at barnehagen har hatt opplæring med alle tilsette på 5 kjernekomponentar gjennom si deltaking i IBS inkluderande barnhage og skulemiljø.

Mobbing og Krenkingar, Avdekking, Førebyggjning, Tiltak, Leiing.

Barnehagen er deltekande i prosjekt om vaksenrolla gjennom Rekomp.

HMS årshjul viser korleis barnehagen arbeider systematisk over 3 år med Kjernekomponentane – mobbing og krenking kvart år.

Kartlegging av barna gjennom verktøy som «Alle med»

Vurderingsarbeid -IBS Duå

Det er levert inn dokumentasjon på arbeid med personalgruppa i høve HMS internkontrollsystemet der «Rutinar barn og miljø»,vert gjennomgått.
Gjennatakande tema med kjernekomponentane er og skildra her.

Styrar si eigenvurdering utdjuapar arbeidet barnehagen gjer i høve dei 3 områda over. Ansvaret barnehagen har for å arbeide for nulltoleranse og forebyggjande arbeid kjem fram. HMS systemet viser at den har rutinar for revisjon og Risikovurdering for Psykososialt arbeidsmiljø i høve Kap 8. På dette grunnlag vurderer Alver kommune at Knarvik barnehage sikrar §41 Nulltoleranse og forebyggjande arbeid.

Konklusjon

§ 41 Nulltoleranse og forebyggjande arbeid

Knarvik barnehage har i tilstrekkeleg grad dokumentert at dei sikrar at områda i §41 vert oppfylt.

1. Nulltoleranse i høve krenkingar.
2. At alle som arbeier i barnhagen grip inn når eit barn vert utsett for slike krenkingar.
3. At barnehagen arbeider med å førebyggje tilfelle der barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø ved å arbeide kontinuerleg for å fremje helse, trivsel, leik og læring til barna.



§ 42 Plikt til å sikre at barnehagebarna har et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt)

1. Følgjer alle som arbeidar i Knarvik barnehage med på korleis barna i barnehagen har det?

Observasjon

I dokumentasjonen frå barnehagen er «Rutine for risikovurdering» lagt ved. Den skal sikre at barnehagen utfører jevnlege risikovurderingar av forhold som omhandlar barn og ansatte i barnehagen. Rutine for mobbing og anna krenkande åferd mot barn skal sikre at barnehagen ivaretek aktivitetsplikta.

Årshjul for HMS området lagt ved, og opplæringsplan med detaljert innhald skildrar arbeid på ulike nivå i personalgruppa.

Eigenvurdering til styrar skildrar at barnehagen arbeider med å ivareta barna si subjektive oppleving gjennom fokus på den autoritative vaksenrolla. Ved å la barna få medverknad blant anna ved å la barna fortelje om korleis dei opplever barnehagemiljøet.

Barnehagen observerer på gruppenivå om barna har eit trygt og godt barnehagemiljø. Tidsavgrensa observasjon av enkeltbarn der dei har uro for barnet. Drøfting på avdelinga.

Barnehagen beskriv korleis barnet si stemme kjem fram i undersøkelsesarbeidet.

- PB L-Mentor, rutinen Mobbing og annen krenkende adferd mot barn - under punktet forebyggende handling:

Vi oppfordrer barna til å si ifra hvis de selv eller andre blir utsatt for krenkelser.

- Mal for plan om Aktivitetsplikt, Aktivitetsplan ved mistanke om eller kjennskap til at et barn ikke har det trygt og godt i barnehagen- eget punkt i planen:

Hva opplever barnet?

{Har barnet uttalt noe om saken? Hvis barnet kan uttrykke seg om hva som er utfordringen og hva han/hun tror vil hjelpe av tiltak, så skrives dette ned herj

- Strategiplan - vedlegg til rutinen rutinen Mobbing og krenkende adferd mot barn og Psykososialt

barnehagemiljø - eget punkt i planen:

Fokus på barnets virkelighetsoppfatning- sett utfra barnets perspektiv? Hvordan opplever barnet situasjonen?

Barnehagen beskriv at dei har systematisk arbeid i høve organisering av barnegruppa med faste planar og på tvers av avdelingar.

For å høyre barnet si stemme har dei systematisk arbeid:

- Dei organiserar smågrupper
- Primærkontaktsystem
- Alle med skjema
- Faste vikarar
- Observasjonar
- Undersøkende samtalar med barn
- Emosjonell coaching (DUÅ)
- Validering



For å kunne avdekke fullt ut korleis barna i barnehagen har det, er det naudsynt å ha systematikk i arbeidet. Knarvik barnehage har laga opplæringsplan med vedlegg som omhandlar tema i høve aktivitetsplikta. Internkontrollsystemet viser rutinar og risikovurdering. I eigenvurdering til styrar vert arbeidet skildra. Barnehagen arbeider for å ivareta barnet sitt perspektiv.

Barnehagen har sendt inn dokumentasjon på korleis barnestemma kjem fram i det systematiske arbeidet, og korleis alle vaksne ivaretek barnet si subjektive oppleving av barnehagemiljøet. Døme på dette er planar, pedagogiske rapportar og dokumentasjon på kartleggningsverktøy der barnet si stemme vert høyrd. På bakgrunn av tilsendt dokumentasjon på praksis vurderer vi difor at barnehagen sikrer at alle som jobber i barnehagen følgjer med på korleis barna i barnehagen har det.

Konklusjon

Knarvik barnehage har i tilstrekkeleg grad dokumentert at alle som jobber i barnehagen følgjer med på korleis barna i barnehagen har det.

2.a) Melder alle som arbeider i barnehagen, frå til barnehagen sin styrar dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø?

b) Melder styrar frå til barnehageeigaren i alvorlege tilfelle?

Observasjon

- a) I dokumentasjon frå barnehagen er det dokumentert at internkontrollsystem inneheld rutinar for melding og meldeskjema. I HMS årshjul får tilsette informasjon om dette. Arbeidsplan for personalet dokumenterer opplæring.

Eigenmelding frå styrar viser til varslingsrutinar.

- b) Eigenmelding frå styrar viser til at eigar vert varsla i alvorlege tilfelle jmf. HMS internkontrollsystem med rutinar.

Vurdering

a og b: For at barnehagen skal kunne følgje opp lovkravet både i høve tilsette og styrar, lyt ein dokumentere at dette er praksis og vise til barnehagen sitt system. Knarvik barnehage viser at dei har system for dette.

Konklusjon

a) Knarvik barnehage har i tilstrekkeleg grad dokumentert korleis dei sikrer at alle som arbeider i barnehagen, melder frå til barnehagen sin styrar dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø.

b) Knarvik barnehage har i tilstrekkeleg grad dokumentert korleis dei sikrer at styrar melder frå til barnehageeigaren i alvorlege tilfelle.



3.Undersøker barnehagen snarast saka ved mistanke om eller kjennskap til at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø?

Observasjon

I dokumentasjonen frå barnehagen er aktivitetsplika skildra i arbeidsplan for personalet under kjernekomponente tiltak.

I handlingsplanen er det skildra at tilsette skal undersøke saka så raskt som mogeleg. Det er vist til Mal for plan om aktivitetsplikt.

Barnehagen skal observere for å undersøke og lager plan for dette. I eigenvurdering frå styrar er dette stadfesta.

Barnehagen har vist til rutinar for plikt til å undersøke. For å involvere barna og høyre barna si stemme nyttar barnehagen observasjon av barna og barnesamtalar. Dei skillar på den formelle og den uformelle samtalen. Dokumentasjon på korleis personalet kartlegg seg sjølv i høve relasjonar med barn er tilsendt.

Vurdering

For at barnehagen skal kunne samhandle og oppfølgje lovkravet både i høve tilsette og styrar, lyt ein ha eit systematisk arbeid og dokumentasjon på at dette er praksis. Knarvik barnehage viser at dei har HMS system med rutine med tydeleg skildring av tema og prosedyre med meldeskjema.

Barnehagen har sendt inn dokumentasjon på korleis barnehagen involverer barna og sørgjer for at dei vert høyrd.

Konklusjon

Knarvik barnehage har dokumentert korleis dei sikrar at barnehagen undersøker snarast ved mistanke om eller kjennskap til at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø. Knarvik barnehagen har dokumentert korleis barnet si stemme kjem fram i dette undersøkelsesarbeidet.

4.Undersøker Knarvik barnehage meldingar frå føresette om at barnet deira ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø?

a)Undersøker barnehagen saka, og - så langt det finst eigna tiltak - sørgjer dei for at barnet får eit trygt og godt barnehagemiljø?

Observasjon

a) I dokumentasjon frå barnehagen står det at «Det gjennomføres samtale med foreldre og vi har et tett samarbeid i hele prosessen». I arbeidsplan for personalet er Foreldresamarbeid eige tema.

Barnehagen har sendt inn «flytskjema» rutinekart som viser rutiner for barnehageloven§42. Dette viser at melding kan komme frå personale,barn etter føresette.

Vurdering



Barnehagen skriv at dei har samtale med føresette og tett samarbeid i prosessen. Barnehagen har dokumentert med rutinar of flytskjema at dei er medvetne på at melding kan komme frå barnehage, føresette eller barn.

Konklusjon

Knarvik barnehage har dokumentert korleis dei tek imot og undersøker meldingar frå føresette.

b) Gjer barnehagen det samme når det gjeld ei undersøking som barnehagen sjølv har sett i gang som ser at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø?

Observasjon

I vedlagd dokumentasjon og i uttale frå styrar vert det skildra at barnehagen undersøker og sett i gang tiltak for barnet. Barnet har høve til å uttale seg og vert høyrd. I aktivitetsplanen er barnet sine opplevingar eige punkt.

Vurdering

Knarvik barnehage har i tilstrekkeleg grad dokumentert at dei har system for å underøke og setje i gang tiltak når dei melder om dette sjølv.

Konklusjon

Knarvik barnehage har i tilstrekkeleg grad dokumentert at dei undersøker og set i gang tiltak når dei melder om dette sjølv.

c) Vert tiltak valgt på grunnlag av ei konkret og fagleg vurdering?

Observasjon

- I rutine er tiltaksplikta beskrive: «Vi setter inn egnede tiltak der undersøkelsen har vist at barnet ikke har det trygt og godt. Tiltakene vi setter inn er basert på konkrete og faglige vurderinger, og nedfelles i strategiplanen.»
- Dei faglege konkrete vurderingane er beskrive i planmal: Følgje med, undersøke. eks ved observasjonar, ståstedsanalyse, SWOT, barnesamtaler, kartlegging, foreldresamtaler etc.

Styrar skriv at i den grad barnet kan utale seg om innhaldet i tiltaket i plan, får dei uttale seg og bli høyrd. Barnehagen arbeider med oppretthaldande faktorar før dei lager tiltak/ strategiar.

Vurdering

Vi vurderer at Knarvik barnehage dokumenterer og skildrar korleis dei skal arbeide for å velje tiltak. Konkret og fagleg vurdering vert stetta då barnehagen skriv at dette vert gjort etter å ha undersøkt, for å finne konkrete fakta som vert vurdert fagleg av personalet i barnehagen, føresette og barnet.

Konklusjon

Knarvik barnehage har i tilstrekkeleg grad dokumentert at dei vel tiltak på grunnlag av en konkret og fagleg vurdering.



5. Barnehagen skal lage en skriftlig plan når det skal gjøres tiltak i en sak. I planen skal det stå

- a) hvilke problemer tiltakene skal løse
- b) hvilke tiltak barnehagen har planlagt
- c) når tiltakene skal gjennomføres
- d) hvem som skal gjennomføre tiltakene
- e) når tiltakene skal evalueres.

Observasjon

Knarvik barnehage har lagt ved skriftleg plan – den inneheld:

Prolem som skal løysast

Tiltak vert beskrive

Når tiltaka skal gjennomførast

Kven som skal gjennomføre tiltaka

Dato for evaluering.

Vurdering

Vi vurderer at Knarvik barnehage i tilstrekkeleg grad har dokumentert at barnehagen sin praksis med utarbeiding av «Plan for tiltak» inneheld dei punkt lova krev.

Konklusjon

Knarvik barnehage har i tilstrekkeleg grad dokumentert at ein skriftleg plan for tiltak i konkrete saker inneheld dei 5 punkta som er skildra i lova.

§ 9 Internkontroll i barnehagen

Barnehageeier skal ha internkontroll for å sikre at krava i denne lova med forskrifter følges.

Internkontrollen skal være systematisk og tilpasset barnehagens størrelse, egenart, aktiviteter og risikoforhold.

Ved internkontroll etter denne paragrafen skal barnehageeier

- a) Utarbeide en beskrivelse av barnehagens hovedoppgaver, mål og organisering
- b) Ha nødvendige rutiner og prosedyrer
- c) Avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik
- d) Dokumentere internkontrollen i den formen og det omfanget som er nødvendig
- e) Evaluere og ved behov forbedre skriftlige prosedyrer og andre tiltak for internkontroll.

Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

Vi har sett på lovkrav i høve internkontroll og §§41,42 i dette tilsynet.



A)

Utarbeider barnehagen ei skildring av barnehagen sine hovuddoppgåver, mål og organisering?

Observasjon

Knarvik barnehage har sendt inn dokumentasjon gjennom tilgang til PBL Mentor HMS system. I systemet er det laga eige område som omhandlar tilsyn. I sjølve HMS-systemet vert det vist at der er områder for avvik, tiltaksplan, risikovurdering, sjekklister, rapportar, HMS årshjul og eit arkivområde.

I systemet er det oppretta eige område som omhandlar tilsyn. I dette området finn ein kommunalt tilsyn barnehageloven. Her har barnehagen lagt inn dokument som viser korleis dei arbeider med internkontrollsystemet etter §9, §41 og §42.

Systemet har utarbeidet rutinar for

Psykososialt barnehagemiljø

Makt og tvang

Mobbing og anna krenkande åtferd mot barn

Mal for plan for aktivitetsplikt barnehage

Loggføring av aktivitetsplan, mal

Meldeskjema: Aktivitetsplikt og skjerpa aktivitetsplikt

Strategiplan – nu-plan med pedagogisk analyse

Rutinar for Revisjon av HMS arbeidet

Risikovurdering

Risikovurdering Psykososialt barnehagemiljø iht barnehageloven kap 8.

Årshjul Tema :Psykososialt barnehagemiljø med 4 vedlegg

Årshjul 1,2,og 3 år.

Barnehagen har og lagt ved «Årsplan for Knarvik barnehage».

Vurdering

Knarvik barnehage har sendt inn dokumentasjon på HMS system PBL Mentor som viser at barnehagen har eit Internkontrollsystem for å sikre at krava i lova med forskrifter vert følgd.

Alver kommune ser at dei mangfaldige elementa i tilsendt dokumentasjon inneheld tema som er viktige i høve krav om internkontrollsystem.

Konklusjon

Knarvik barnehage har utarbeidd ei skildring av barnehagen sine hovuddoppgåver, mål og organisering.

B) Har Knarvik barnehage naudsynte rutiner og prosedyrar?

Observasjon

Knarvik barnehage har sendt inn rutine, prosedyrar og årshjul for arbeid i barnehagen.

Vurdering



For å kunne ha eit tilrekkelig internkontrollsystem for å sikre lovkrav og systematikk, er det naudsynt å ha skildringar, rutiner og prosedyrar. Barnehagen har sendt inn oversyn over vedlegg til planen, og kommunen ser at barnehagen jobber med områder for å sikre barna i høve §41 og 42.

Konklusjon

Jamført konklusjonane i høve §§41, 42 er det funne at Knarvik barnehage har tilrekkelige rutiner og prosedyrar for arbeidet.

c) Avdekker internkontrollen avvik og risiko for avvik og følgjer barnehagen denne opp?

Observasjon

Knarvik Barnehage har som vist over sendt inn dokumentasjon på HMS internkontrollsystem med innhald som kan nyttas for å avdekke risiko i høve barna sitt psykososiale miljø i barnehagen. Det vert skildra korleis ein skal gå fram for å følgje opp.

Vurdering

For å kunne ha eit tilrekkelig internkontrollsystem for å sikre lovkrav og systematikk, er det naudsynt med skildringar, rutiner og prosedyrar. Knarvik barnehage har sendt inn vedlegg til planen, og kommunen ser at barnehagen jobbar med områder for å sikre barna i høve §41 og 42. Dette er eit systematisk arbeid som har samanheng og sikrar internkontrollkrava tilrekkelig.

Konklusjon

Jamfør konklusjonane i høve §§41, 42 er det vist at Knarvik barnehage i internkontrollen har eit system for å avdekke avvik og risiko for avvik og kan følgjer dette opp. Barnehagen har ikkje levert inn dokument som viser at systemet er nytta. Ein vurderer ut frå innsendt dokumentasjon at det er tilstrekkelig dokumentert at Knarvik barnehage har dei naudsynte reiskap som den treng for å avdekke avvik og vurderer risiko for avvik, og at barnehagen følgjer dette opp ut frå gjeldande lovkrav.

d) Dokumenterer internkontrollen i den formen og det omfanget som er naudsynt?

Observasjon

I tilsend informasjon syner Knarvik barnehage at internkontrollen dokumenterer det omfanget som er naudsynt.

Vurdering

I tilsend informasjon finn kommunen at det er skildra tilfredstillande at Knarvik barnehage dokumenterer internkontrollen i den form og omfang som er naudsynt.

Konklusjon

Jamfør konklusjonane i høve §§41, 42 er det funne at Knarvik barnehage i tilstrekkelig grad har dokumentert at dei dokumenterer internkontrollen i den formen og det omfanget som er naudsynt.



b) Evaluerer og ved behov forbedrar Knarvik barnehage skriftlege prosedyrar og andre tiltak?

Observasjon

I tilsendt informasjon er det lagt ved revisjonsbeskriving av HMS systemet. Barnehagen skal m.a. vurdere mål for HMS- arbeidet, korleis melding og oppfølging av avvik fungerer, at tiltak vert gjennomført og fulgt opp og at den har beredskapsplaner som er oppdaterte. Revisjon av de einkilde HMS-områdene bør gjennomførast årleg. Knarvik barnehage skal evaluere og forbedre skriftlege prosedyrar og andre tiltak. Styrar er ansvarleg og rapporterer til eigar.

Vurdering

Evaluering må vere ein systematisk del av kontrollarbeidet og synleggjerast i internkontrollsystemet. Vi har ikkje motteke faktisk dokumentasjon som syner eksempel på dette arbeidet. Alver kommune vurderer at Knarvik barnehage i tilstrekkeleg grad har skildra og vist dokumentasjon gjennom deira HMS-system.

Konklusjon

Jamfør konklusjonane i høve §§41, 42 og §9 er det funne at Knarvik barnehage i tilstrekkeleg grad har dokumentert at dei evaluerer og forbedrer skriftlege prosedyrar og andre tiltak.



ALVER
KOMMUNE

3 Vedtak

Tilsynet viser at Knarvik barnehage har dokumentert at dei etterlever regelverket som er undersøkt i §9 og §§41 og 42 i barnehagelova.

Tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova.

mvh

Mette Marei Træland

tilsynsleiar